

PROTOKOLL FRÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING 2016

Den 9. juni 2016 vart det halde ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU), org nr; 992 971 118, i selskapets sine lokale i Vidsyn, Sløvågen 2 i Gulen.

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Marit Wick, som opptok oppteljing av møtande aksjeeigarar og fullmakter :

Aksjonær :	# aksjar / andel	Representert ved:
SIVA – selskapet for Industrivekst sf	5 111 aksjar (24,8%)	Ulf Hustad
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	4 625 aksjar (22,4%)	Åshild Kjelsnes
Gulen kommune	4 444 aksjar (21,6%)	Odd Harald Eide
Masfjorden kommune	4 443 aksjar (21,5%)	Frode Langhelle
Hordaland Fylkeskommune	2 000 aksjar (9,7%)	Pål Kårbø

Dermed var 20 625 av totalt 20 625 aksjar og stemmer representert, tilsvarande 100%.

I tillegg møtte :

Gøril Sætre – styremedlem Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Irene Wergeland – styremedlem Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Solveig Daae Kristiansen – dagleg leiar Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Ein gjekk deretter over til å handsama dagsordenen:

1. Val av møteleiar

Marit Wick vart samrøysta vald som møteleiar.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiar reiste spørsmål om det var merknader til innkalling eller dagsorden. Då det ikkje var innvendingar, vart innkalling og dagsorden rekna som godkjent. Møteleiaren erklærte generalforsamlinga som lovleg sett.

3. Val av representant til å underteikna protokollen saman med møteleiar

Ulf Hustad vart vald til å underteikna protokollen saman med møteleiar. Avgjersla var samrøystes.

4. Presentasjon av selskapet si drift og stilling

Styreleiar og dagleg leiar gav ei orientering om selskapet sin aktivitet og resultat i 2015 og drift og stilling i 2016 og svara på spørsmål frå aksjonærane.

5. Godkjenning av styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, medrekna disponering av resultat

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, samt revisor si melding var sendt ut til aksjeeigarane. Årsrekneskap, årsmelding og revisor sin melding vart gjennomgått i møtet.

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding for rekneskapsåret 2015 vart godkjent. I tråd med styret sitt forslag, vart det samrøystes vedteke å ikkje utdela utbytte.

6. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor

Honorar til selskapet sin revisor på kr 17.000,- for 2015, der kr 11.000,- er honorar for ordinær revisjon vart samrøystes vedteke.

7. Fastsetjing av godtgjersle til styret sine medlemmar

Styregodtgjersle på same nivå som tidlegare år, kr 20.000,- til styreleiar og kr 15.000,- til andre styremedlemmar vart samrøystes vedteke. Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå å få styrehonorar.

8. Val av styre

Forslag til nytt styre i selskapet vart samrøystes vedteke. Det nye styret har fylgjande samansetjing:

Marit Wick	Styreleiar (næringslivet)
Karstein Totland	Nestleiar (Masfjorden kommune)
Hallvard Oppedal	Styremedlem (Gulen kommune)
Audhild Schaathun	Styremedlem (Sogn og Fjordane Fylkeskommune)
Hans-Martin Martinussen	Styremedlem (næringslivet)
Steinar Østerbø	Styremedlem (næringslivet)
Arve Hatlevik	Styremedlem (næringslivet)

9. Endring av vedtektene §5 – forslag om valnemnd

Styret sitt forslag om å etablere ei valnemnd for selskapet vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga vedtok samrøystes endring av vedtektene §5 til:

§5

«Selskapet skal ha eit styre med frå 3 til 9 personar som vert valde for eitt år om gongen. I tillegg kan det veljast frå 1 til 3 varamedlemmar. Minst 50 prosent av styremedlemmane skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styret vert forplikta av styret sin leiar og nestleiar i fellesskap. Styret kan tildela prokura. Styret tilset dagleg leiar.

Selskapet skal ha ei valnemnd som skal gje tilråding i samband med val av styremedlemmar. Valnemnda skal bestå av tre eller fleire medlemmar som vert valde av generalforsamlinga med ei tenestetid på to år. Generalforsamlinga vel leiar i valnemnda. Generalforsamlinga vedtek instruks for valnemnda.»

10. Instruks for valnemnd

Styret sitt forslag til instruks for valnemnda vart samrøystes vedteke.

11. Val av medlemmar til valnemnd


Styret i Gulen og Masfjorden Næringsråd vart samrøystes vald som valnemnd for perioden 2016-2018. Styreleiar i Gulen og Masfjorden Næringsråd vart samrøystes vald om leiar av valnemnda.

Det var ingen fleire saker til handsaming, og generalforsamlinga vart avslutta.

Sløvåg, 9. juni 2016



Marit Wick



Ulf Hustad